



Refnr.	Arkivkode	Saksnr.	Saksbehandler	Dato
EBMS3288	GID 143/151	2023/2019	Synneve Skei	ROSENDAL, 22.09.23

Godkjenning av søknad om utslepp av oljehaldig avløpsvatn

Søknad om utslepp av reinsa oljehaldig avløpsvatn for eiendom 143/151 - Husnes Industriområde 43 er godkjent.

Vi minner om dersom det skal gravast i området må du vere oppmerksom på at du ikkje kan starte gravearbeidet før du har fått løyve etter plan -og bygningslova.

Tiltakshavar:	Reins Eigedom og Invest AS
Søknaden gjeld:	Utslepp av reinsa oljehaldig avløpsvatn
Eigedom/byggestad:	143/151 - Husnes Industriområde 43
Utsleppsstad/resipient:	Sjø via ein bekk
Fagkunnig:	Into Røyr AS

Vilkår:

- løyve til utslepp av oljehaldig avløpsvatn er gjeve med heimel i forureiningsforskrifta kapittel 15, §§ 15-3 og 15-5.
- utsleppet skal følgje krav etter § 15-7.
- skal vera i tråd med opplysningane i søknaden datert, 09.06.2023 samt tilleggsopplysningar datert, 19.06.2023 og 13.09.2023

I samsvar med § 15-5 kan kommunen stille andre krav enn standardkrava i forskrifta:

- Når anlegget er ferdig etablert, skal du sende søknad om ferdigattest. Send inn eit kart i målestokk 1:1500. Kartet skal vera målsatt, og det skal vise

leidningsnett, kummar, grøfter og tømme plass. Koordinatane kan vise på kartskissa. Send med bilete som ein del av dokumentasjonen.

- Du må følgje serviceavtalen. Løyve er berre gyldig så lenge du fylgjer og opprettheld den eller tilsvarande avtale.
- Avstanden frå slamavskiljar og fordelings -eller pumpekum til tømme plass, skal ikkje overstige 100 meter.
- Tanklokka skal vere forsvarleg sikra til ei kvar tid. Dei skal ikkje dekkjast til, men vere tilgjengelege for inspeksjon og tømning.
- Ved trafikkbelastning skal utskiljaren køyreforsterkast

Følg vegleiing for oljeutskiljar her:

https://va-kompetanse.no/wp-content/uploads/rapport156_2007.pdf

Tillaten løysing:

Saka gjeld ein søknad om utslepp av reinsa oljehaldig avløpsvatn. Det er planlagt å bruka ein OLEOPATOR C oljeutskiljar i betong med integrert sandfang. Klarvatnet vert ført ut i sjø via en bekk. Bekken er dokumentert med heilårs-vassføring. Kommunen plar vera restriktive å la avløpsvatn gå i ut i opne bekker og vassdrag. Begrunning for at vi har gjeve løyve til dette i løyvet, er at det ville vore eit omfattande tiltak for tiltakshavar å lagt røyr frå oljeutskiljar og ut i sjø. Det er vidare vurdert at ulempa ville vore større enn fordelene for miljøet då mulig røyr måtte fylgt bekkefarete og ut i sjø.

Kommunen har vore på synfaring av området der tiltaket er planlagt. Røyrret der avløpsvatnet skal gå ut ligg i nedre del av bekken, omtrent 120 meter før den renn ut i sjø.

Bekk er ein sårbar resipient og vi legg til at vi vurderer kvar søknad for seg. Med det meiner vi at ein likande søknad kan få ulikt utfall i same område.

Kommunen er forureiningsmynde:

Kommunen kan når som helst koma på tilsyn på avløpsanlegget. Viser til forureiningsforskrifta § 15-2

Kommunen kan også oppheve eller endre løyvet. Viser til forureiningsforskrifta § 15-8.

Drift og vedlikehald:

Eigar er ansvarleg for forskriftsmessig drift og vedlikehald. Viser til § 24 i forureiningslova.

Klage:

Du kan klage på vedtaket, viser til forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker. I klagen skal du føra opp kva endringar du ynskjer. Send klagen til post@kvinnherad.kommune.no

Andre som dette løyve vedkjem kan også klage på vedtaket. Dersom nokon klagar på løyvet, installerer du anlegget på eiga risiko. Kommunen kan bestemme at løyvet ikkje kan takast i bruk før klagen er avgjord. Kommunen si avgjerd om dette kan ikkje påklagast. Viser til forvaltningslova § 42.

Du har rett til å sjå dokumenta i saka:

Du har også rett til å sjå alle dokumenta i saka, viser til forvaltningslova §§ 18 og 19. I denne saka er dokumenta offentlege, og alle som ynskjer det har rett til å sjå og gjere seg kjende med dei.

For kommundirektøren

Med helsing

Synneve Skei
Saksbehandler

Adresseliste:

Navn	Adresse	Postnummer	Sted
INTO RØYR AS Att: ASPMO THOMAS	Sundsvegen 77	5450	SUNDE I SUNNHORDLAND
KVINNHERAD KOMMUNE Att: Natalie Martins Seeberg	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL

Kopi til:

Reins Eigedom Og Invest As	Postboks 194	5480	Husnes
-------------------------------	--------------	------	--------